

*Elin I.Klausen & J.William Kay,
Isdalstøbakken 55B,
5916 Isdalstø.*

*Tlf 91591482
Epost jwkay@me.com*

19.august 2014

**Fylkesmannen i Hordaland,
Postboks 7310
5020 BERGEN.**

**Klage på godkjenning av reguleringsplan Hordasmibakken,
gbnr 137/46, 59 og del av 705 m.fl**

Syner til vedtak i Lindås kommunestyre om godkjenning av eigengodkjent reguleringsplan for Hordasmibakken. Vi vil herved klage på dette vedtaket.

Vi bur i eit nytt rekkjehus i Isdalstøbakken (55B) som har Gbnr 137/763. I tillegg eig vi andel av Gbnr 137/764 som er fellesareal for rekkjehusa.

Vi reagerar på at plankartet som er brukt i handsaminga av denne saka er utdatert og dermed gjev eit feilaktig inntrykk av området. Gbnr 137/47 på plankartet har no vorte omregulert til Gbnr 137/47, 137/764, 137/763 og 137/762. På heile dette området er det bygd tre rekkjehus i to høgder. Plankartet som ligg til grunn for godkjenninga av reguleringsplanen syner ingenting av dette.

Punkt 5.3 av Planbeskrivelsen for prosjektet omhandlar “tilhøve til nabo (utsikt, innsyn, soltilhøve, inngrep).” Her går det tydeleg fram at det kun er tilhøvet til Gbnr 137/46 som det er teke omsyn til. Det står ingenting her om kva fylgjer dette prosjektet vil innebera for naboane på andre sida av vegen. Denne utbyggjinga vil faktisk ha fleire konsekvensar for oss:

1. Rekkjehusa i Isdalstøbakken 55 ligg lågare i terrenget enn vegen. Vindauga frå soverom, bad og kjøkken har utsikt rett imot Gbnr 137/59 der dei nye boligane er tenkt. Grunna høgdeskilnaden vil det vera fri sikt inn i huset vårt frå det nye boligområdet. Spesielt ifrå leikeplassen og parkeringsområdet vil dette vera eit problem. Vidare er det teikna inn område til renosvasjonsanlegg rett i siktlinja frå kjøkkenvindauget vårt.

2. Innkøyringa til Gbnr 137/59 er plassert slik at all trafikk inn og ut av området vil måtte passere soveromsvindauget vårt. Den planlagde utbyggjinga inneber ein vesentleg auke i trafikkmengda i øvre del av Isdalstøbakken, og den medfylgjande trafikkestøyen vil vera problematisk for oss, spesielt når det gjeld bruken av soverommet. I tillegg er parkeringsområdet tenkt plassert rett over vegen frå vårt soverom.

Vi er sjølvsgd inneforstått med at området er regulert til boligføremål, men stiller oss spørjande til omfanget av prosjektet innanfor eit såpass lite område. Det virker som det viktigaste har vore å presse så mange bueiningar som mogleg inn i feltet. Mellom anna er det opphavlege kravet om minimum 50m² leikeareal pr. bustadeining vorte redusert til 30m².

Denne delen av Isdalstøbakken har i dag lite trafikk og svært lite støy. Det som finst av boligar er i hovudsak einebustadar, eller som i vårt tilfelle, rekkjehus. Det er vanskeleg å sjå korleis eit såpass tettbygd leiligheitskompleks kan gli uproblematisk inn i det noverande bumiljøet.

Det er ikkje til å koma unna at slike leiligheitskompleks ofte er prega av støy. Støyskjerminga som ligg inne i planen vil skjerme dei nye bustadane for trafikkestøy, samtidig som den kjem til å dempe støyen mellom dei og Gbnr 137/696 mot søraust. Mellom oss og Gbnr 137/46 er det ikkje mogleg med effektiv støyskjerming.

Utbyggjinga som skissert er problematisk for oss på fleire måter. Vi kan ikkje sjå at dette har vorte drøfta eller teke omsyn til. Difor vil vi klaga på kommunestyret sitt vedtak i denne saka.

Med helsing,


Elin Irene Klausen


John William Kay